



Adresse : Postboks 246, 6821 Sandane
Telefon: 57 87 05 00
E-post: post@bre.no
Heimeside: www.bre.no



NF-BREINSTRUKTØRKURS(I) - METODEKURS

Dette kurset er eit samarbeid mellom Breoppleving Jostedalen Breførarlag.

Kurset går over 5 dagar. Deltakarane skal bli medvitne om kor viktig sikre vegval på bre og i alpint terreng er, og gjerast godt kjende med metodesett og tankegang for sikring og redning på bre, i snøbakkar og utsett terreng(likevel ikkje klatreterreng). Deltakarane skal vise at dei kan orientering, er normalt uthaldande og meistrar rørsleteknikk i ulendt terreng, på snø og is. Etter gjennomført kurs skal ein vere i stand til å føre grupper på tilrettelagde ruter i blåis som assisterande breførar. I tillegg er ein - etter ein praksisperiode på 6 dagar på brekurs - kvalifisert for opptak på Vegleiarkurset(II), den avsluttande delen av NF-Breinstruktørkurset.

NB!

NF-Metodekurset er ikkje eit vidaregåande brekurs men derimot eit kvalifiserande NF-kurs. Det betyr at ein forventar at deltakarane meistrar dei momenta ein går gjennom på kurset. Dersom ein er usikker på t.d. redningsmetodar på bre bør ein 'friske opp' kunnskapen på dette feltet før kurset tek til. Våre instruktørar kjem ikkje til å instruere men derimot vegleie deltakarane. Det betyr at alle i fellesskap med minst mogleg hjelp av instruktørane skal kome fram til føremålstenlege teknikkar og metodar for brevandring på grunnleggande brekurs. Tilsvarande gjeld og for dei teoretiske emna. Ein bør difor lese gjennom breboka og annan relevant litteratur før kurset tek til.

GODKJENNING

Stått NF-metodekurs(I) kan gje godkjenning som NF-assisterande breførar(breassistent). Meir info om breinstruktørutdanninga, godkjenningsordningar, krav etc. finn du i NF-standarden på: www.fjellsportforum.no

FRAMMØTE og OVERNATTING

Kurset blir halde i Jostedalen med overnatting på kurslokalet Bretun. Frammøte kl. 20:00. Kursdeltakarane har eigen mat og steller seg sjølve. Overnatting i sovepose i køyesenger i fleirsengsrom. Kursstaden Bretun(stor raud bygning tett ved bilveg) ligg i Krundalen 2,5 km vestover frå bygdesenteret Gjerde i Jostedalen. Etter passering av butikken 'Edvin's Kolonial', ta av vestover(til venstre) ved skilt Bergset. Sjå vedlagt kart.

For detaljert info om bussruter til Jostedalen, sjå www.ruteinfo.net , www.nor-way.no og www.sognefjorden.no Info om reiseruta med bil finn du på: www.visveg.no

PERSONLEG UTSTYR

Klede: Solid regntøy/vindtøy, lue, vottar, sokkar, langt undertøy, lange gamasjar, inneklede/toalettsaker.
Fottøy: Brestøvlar eller stegjarnsfaste fjellstøvlar med kraftig sole. Innesko.
Diverse: Ryggsekk, sovepose, termos, fyrstehjelpssaker, kart(Jostedalen 1418 III og Skridulaupen 1418 I), kompass, solbriller/solkrem. Telt treng du ikkje ta med.



Adresse : Postboks 246, 6821 Sandane
Telefon: 57 87 05 00
E-post: post@bre.no
Heimeside: www.bre.no



BREUTSTYR

Isøks(to stk.-inkl. ei klatrøks), solide stegjarn, ein kombinasjon av bryst- og setesele evt. kroppssele, hjelm, tre isskruar(min. 20 cm), sju karabinarar(inkl. ein HMS-skrukarabinar og ein vanleg med skru), tauslynger; 2 stk sikringslynger a 3m 9mm strømpetau og 2 stk. klemknuteslynger a 1,5m 6mm strømpetau og eitt snøanker.

Kursprogram NF-Metodekurs(I)

Søndagskveld:

Presentasjon. Knutar og innbinding, kurs/føring. Standard utstyr som vegleiar/førar.

Måndag(Vivakulen)

Snøbakketeknikk
Alternative sikringar
Rigging av standplassar - rigging av faste tau
Kile- og slyngeplassering på steingrunn
Orientering

Måndagskveld

Oppsummering
Sikringsteori brevandring
Fyrstehjelp og fyrstehjelpsutstyr, varsling/organisert redning
Brelære

Tysdag(Nigardsbreen)

Fransk stegjarnsteknikk
Sikringsteknikk. Gange i taulag(instruktørrolla på kurs og føring)
Besøk på Breheimsenteret

Tysdagskveld

Oppsummering
Turplanlegging (mat/drikke, alpine farar, gange på snødekt bre)
Neste dag

Onsdag(Fåbergstølsbreen)

Vegval på is og snø

Onsdagskveld

Oppsummering
Standarder, lover og reglar
Verdiar/fjellsporhistorie



Brekurs - Fjellsportkurs - Klatrekurs - Firmaturar

Adresse : Postboks 246, 6821 Sandane
Telefon: 57 87 05 00
E-post: post@bre.no
Heimeside: www.bre.no



Torsdag(Tuftebreen evt. Vivakulen)
Snøredning(enkel talje og utviding av denne)
Redning av skada
1:3 og 1:6 talje

Torsdagskveld

Oppsummering
Sikringsteori klatring i is
Vegleiarrolla

Fredag(Nigardsbreen)

Klatring og rapell. Div. topptau- og rapellfester
Klemknutegang, med og utan tauklemmer

Fredagskveld

Info om vegleiar kurset. Tilråding av litteratur. Deltakarvurdering. Oppsummering. Sosialt samvær.

VEL MØTT TIL NF-METODEKURS(I) I JOSTEDALEN!



GENERELLE VILKÅR

PÅMELDING

Påmeldingsfrist for kurs, skiturar, og gruppebestillingar er tre veker før tur/kursstart.

Ved evt. påmelding etter at fristen har gått ut, ring og høyr om det framleis er ledige plassar. Påmeldinga er bindande for Jostedalen Breførarlag A/L(BFL) når heile tur-/kursavgifta er motteken.

Deltakarane får tilsendt detaljert tur-/kursprogram med utstyrliste når bindande påmelding er motteken.

TINGING GRUPPER/EIGENFØRAR

Etter påmeldinga sender me ei stadfesting som må signerast og returnerast til avtalt tid. Den oppførde prisen og det avtalte depositum i stadfestinga er bindande.

PRISUTREKNING

Prisane blir utrekna i høve til tilbodets form og er bindande. Dersom t.d. statlege avgifter eller tran-sportkostnader for båten på Nigardsbrevatnet aukar, vil prisen bli automatisk justert.

AVBESTILLING

Ved avbestilling før påmeldingsfristen, vil deltakaren få attendebetalt innbetalt avgift minus 250.- Etter påmeldingsfristen og fram til 8 dagar før tur-/kursstart vil deltakaren få refundert 50% av den innbetalte tur-/kursavgifta. Ved førevising av lækjarattest vil likevel den innbetalte summen minus eit gebyr på 250.- bli refundert.

AVBESTILLING GRUPPER MED EIGEN FØRAR

Dersom avbestilling er seinare enn 8 dagar før tur-/kursstart har BFL rett til å belaste kunden 50% og dersom avbestillinga skjer seinare enn 3 dagar før start vil me fakturere 100% av samla tur-/kurspris. Gruppebestillingar kan reduserast med 25% dersom kunden meddeler oss dette seinast 8 dagar før start.

AVLYSING

BFL kan avlyse turen/kurset grunna vanske-lege is-, snø- og vertilhøve, for få påmeldingar e.l. Deltakaren skal bli orientert om evt. avlysing seinast sju -7- dagar før turen/kurset startar. Heile den innbetalte summen vil då bli attendebetalt.

ENDRINGAR

BFL vil så langt råd er gjennomføre dei oppsette turane og kursa etter programmet. Om det blir naudsynt har BFL likevel rett til å endre programmet. Slike endringar har ingen konsekvensar for prisen.



Brekurs - Fjellsportkurs - Klatrekurs - Firmaturar

Adresse : Postboks 246, 6821 Sandane
Telefon: 57 87 05 00
E-post: post@bre.no
Heimeside: www.bre.no



DELTAKARENS ANSVAR

Deltakaren må sjølv vurdere om han/ho fyller dei krava som tur-/kursprogrammet stiller. Deltakaren pliktar vidare å ha med seg det utstyret som er nemnt i det tilsende programmet og å rette seg etter tilvisingar gjeve av føraren. Om dette ikkje skjer kan deltakaren utelukkast frå arrangementet utan at det kan krevjast kompensasjon. Å delta på turane og kursa våre skjer på eige ansvar. Dette vil seie at BFL ikkje står ansvarleg for skader/uhell som måtte oppstå på deltakarane i tilknytning til arrangementa våre. Deltakarane må underskrive ei ansvarserklæring når turen eller kurset tek til.

FORCE MAJEURE

Ved hendingar utanfor BFL sitt herredømme som t.d. brann, naturkatastrofe ol. har BFL rett til å heve avtalen utan erstatningsplikt.

Evt. forsikring er deltakaren sitt eige ansvar.